

NVE
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Dato: 08.12.2016
Vår ref.: 2016/3740-15
Saksbehandlar: jannor
Dykkar ref.: «REF»

Avgrensa høyring - Todeilselva kraftverk i Modalen kommune. Endring av stasjonsplassering og rørtrasé. Administrativ fråsegn.

1. Innleiing

Frå tiltakshavar Småkraft AS har NVE etter synfaring i veke 41 motteke nytt alternativ for Todeilselva kraftverk i Modalen. Det tidlegare hovudalternativet er trekt. NVE sender endringsframlegget på avgrensa høyring til høyringspartar som allereie har uttalt seg om saka.

Opphavleg konsesjonssøknad vart handsama av fylkesutvalet (FUV) 23.06.16 med slikt vedtak:

Av omsyn til gyte- og oppvekstområde for sjøaure og laks av stor verdi og samla belastning for anadrom fisk i Modalsvassdraget rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Todeilselva kraftverk.

Endringsframlegget frå Småkraft AS vert ikkje kunngjort av NVE sidan det er ei avgrensa høyring. Høyringsbrevet er dater 08.11.16, medan høyringsfristen er sett til 08.12.16.

Det er positivt at tilrådingar frå Hordaland fylkeskommune fører til tiltaksendingar og at endringar der dei er betydelege, kjem tilbake på avgrensa høyring. Der tilrådingane er politisk fatta vedtak, meiner vi likevel at større endringar må opp til ny politisk handsaming og ikkje kan avgjerast administrativt. For i forhold til politikarane sin møteplan å sikra slik handsaming, vil fylkesrådmannen for framtidige høyringar be om tre månaders frist.

2. Skildring av endringa

Søker ynskjer å endra rørtraséen opp til begge inntaka. Endringa fører med seg at kraftstasjonen blir flytta frå utløp i Ædnabekken og til utløp i Todeilselva. Stasjonen vil bli plassert slik at utløpet vil koma attende i elva i overkant av laks- og aureførande strekning.

Rørtraséen frå Todeilselva vil der det er mogleg, følgja etablerte traktorveggar. Inn til inntaket i Todeilselva vil eksisterande traktorveg bli forlenga med om lag 300 m. Vegen er planlagd som permanent. Rørtraséen frå Almelidbekken vil følgja terrenget om lag 200 m for så å liggja i traktorveg om lag 350 m til kopling mot hovudrøyr. Røyra vil bli nedgravne i heile si lengd.

Traséen vert trekt bort frå kulturminnevegen og over på austsida av Todeilselva. Søker ønskjer å sleppa minstevassføring tilnærma lik alminneleg lågvassføring i både Todeilselva og Almelidbekken der dei blir regulerte.




Fig. 1 Oversiktsplan over tidlegare hovudalternativ




Fig. 2 Nytt hovudalternativ

3. Fylkesrådmannen si vurdering

Fisk

Fylkesrådmannen syner til vedtak gjort i FUV 23.06.16 (sjå over) som i saksutgreiinga og spørsmål om vektlegg omsynet til gyte- og oppvekstområde for laks og sjøaure dei nedste 150-200 metrane i Todeilselva og dei nedste 200 metrane i Ædnabekken og samla belastning for anadrom fisk i Modalsvassdraget. Iflg. den opphavlege søknaden ville Todeilselva på det nedste strekket fått ei minstevassføring på 30 l/s. Målt opp mot dagens middelvassføring på 546 l/s, er dette særst lågt, og kunne fått alvorlege konsekvensar for anadrom fisk, i sær sjøaure. I Ædnabekken vurderte fylkesrådmannen det slik at brå vasstandsendingar på nedsida av kraftverket kunne føra til auka dødelegheit.

Å flytta kraftstasjonen frå utløpet til Ædnabekken til ovanfor anadrom strekning i Todeilselva, er gunstig for laks og sjøaure i begge vassdraga. Ædnabekken vil då vera utan regulering og framleis ha naturleg vassføring. Todeilselva vil på strekket som er anadromt, dei 150-200 metrane på nedsida av kraftstasjonen, ha om lag same vassføringsregime som i dag. Gassovermetting kan likevel bli eit problem.

Kulturminne

Som påpeika i fylkesrådmannen si fråsegn av 03.07.16, er Farestveit, der tiltaket er lokalisert, nemnt i Bergen Kalvskinn frå byrjinga av 1300-talet, så garden si søge går såleis langt attende i tid. Ein kan venta å gjera funn av automatisk freda kulturminne og andre verneverdige kulturminne i utmarksområda. Registreringar i utmark har dei seinare åra avdekkja ei rekkje nye kulturminne knytte til bruk av ressursar med vekt på gardsdrift, jakt, fangst, jarnframstilling og steinbrot. Hordaland fylkeskommune vurderer

området til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Det må difor påreknast ei nærare markundersøking for å få oppfylt undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova.

Fylkeskonservatoren vil i første omgang gjera ei synfaring for å vurdere om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering i tiltaksområdet.

Sølve Dag Sundbø
klima- og naturressurssjef

Jan Nordø
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Lars Øyvind Birkenes